

## Tilsyn før bruksløyve i Uskedalen Brygge

19.08.2009



**Saksbehandlar Jon Harald Kjærland ved byggesakskontoret i kommunen har varsla Uskedalen Brygge ved Geir Rusten om at dei vil føretilsyn i prosjektet før dei handsamar bruksløyve. Rusten har søkt om mellombels bruksløyve for husvære 19, 20 og 21.**

Kjærland skriv at Rusten som tiltakshavar ikkje kan ha oppgåva med å dokumentera søknaden om bruksløyve. Det er ansvarleg søker som skal sørja for søknad og samordna dokumentasjon for ferdigattest og mellombels bruksløyve.

Difor retunarar Kjærland søknaden slik at den kan sendast tenesteveg om ansvarleg søker som er arkitektane Anders og Olav Vikøren i Vik i Sogn.

Tema for tilsynet som altså no blir varsla vert kontrollerklæringar/manglande arbeid og gjennomgang av status for ferdigstilling av tidlegare manglande arbeid.

Kjærland vil koma med nærmare tidspunkt for tilsynet når ferdigmeldinga er kvalitetssikra av ansvarleg søker.

Av Ola Matti Mathisen